

### **Forlenga sommarrute til øyane**

Flora Turlag ber om at sommarrutene til øyane i Florø vert utvida med 14 dagar, tom. laurdag 17 august.

I Flora Turlag jobbar vi for å legge til rette for eit aktivt friluftsliv i Kinn Kommune. Eit friluftsliv som inkluderer alle og er lett tilgjengeleg. Turlaget ser at mange ønsker å ta turar langs vår flotte skjergard, og ut til øyane. Heile året er det gode ruteforbindelsar langs kysten. Både frå Bergen i sør, til Selje i nord og til øyane utanfor Florø. Det er mange som ynskjer å ta dagsturar på eiga hand, eller vere med på organiserte turar. Vi ser ekstra mykje av dette når det er sommar og/ eller ferietid. Det er difor dumt for oss at sommarrutene sluttar tidleg, då det gir oss eit dårlegare tilbod og mindre fleksibilitet.

I Flora Turlag driv vi ei DNT hytte på Kinn, og det er andre overnattingstilbod på øyane som er godt besøkt heile sommaren. Dei siste åra har vi hatt sommarruter til øyane frå skuleslutt til byrjinga av august. Det er mange arbeidsplassar som fordeler ferietida frå skuleslutt til skulestart. Det er også mange turistar som har ferie i august. Vi har registeret ei auke i denne målgruppa som vil ut i øyane i august og september, og vi trur at auken kjem til å halde fram. Det hadde vore kjekt for oss å tilby dei det mest attraktive tilbodet vi har mogelegheit til.

Vi håper de har mogelegheit til å vurdere dette innspelet i planlegginga for neste år.

Med vennleg helsing

Signe Nordvik på vegne av Flora Turlag